



- ein breiddeklubb det skal vere råd å verte best i



Årsmelding

Volda Turn- og Idrottslag Fotball

2025

Styret har vore sett saman slik:

Leiar: Anders Egil Straume

Nestleiar: Ingvild Sande Lillebø

Styremedlemar:, Torill-Mina Aaland, Tarjei Almestad og Espen Hodne-Viddal

Varamedlemar: Ingvill Osvoll og Per Olav Sætre

Leiar sportsleg utval: Sindre Slettedal Sandbakk

Valkomit : Ole Martin Vik Dale

Revisor: Yngve Leikanger, Sigma Revisjon AS

Kontrollkomit : Lars Petter Lilleb  og Tore S rheim

Styret sitt arbeid

Styrem ter

Det har vore 10 styrem te i 2025 der til saman 51 saker er handsama. I august hadde styret arbeidshelg der vi brukte tid p  strategiplan og organisasjonskart. Prosessen er starta og vil f lgjast opp i 2026. Viktigaste saker i 2025 har vore ny sportsplan, ny garderobe til FFO og fleire toalett.

Styreleiar deltok p  Forbundstinget i mars og breiddefotballsamlinga i forkant av  rsm tet. Sportsleg leiar stilte p  Kretstinget i desember. I tillegg var Kristian Lilleb  representant p  Norsk Ligafotball sitt  rsm te i mars.

Sport

I 2025 hadde Volda TI Fotball 51 lag i seriespel, fr  gutar og jenter 6  r til senior dame og herre. Vi har hatt 2 seniorlag p  damesida og 3 seniorlag p  herresida, i tillegg til 2 G19-lag og eitt J16 lag.

Vi har over 550 aktive spelarar i klubben, ei lita auke fr  fjor ret. Det er lagt ned fleirfaldige timar med dugnadsarbeid gjennom  ret for   arrangere seriekampar, cup, vekeskiosk, rydding av stadion, plastryddedag, sal av lodd og Circle K-kopp. I tillegg kjem alle interne dugnadar i dei ulike laga for   samle inn pengar til   delta p  turneringar, cupar og sosiale tiltak. Utan alle desse fantastiske frivillige hadde vi ikkje klart   drifte all aktiviteten.

Vi har hatt med lag p  Seljecup og Lerumcup, og Stjerne cup p  Hamar. I tillegg har vi delteke p  dagsturneringar p  Sunnm re og Vestland. For f rste gong p  fleire ti r var ingen lag p  Danacup.

Satellitt, Team S re og Krets: Volda har vore satellitt-klubb i mange  r for gutar og leverer eit godt opplegg. Det blir prioritert   bruke ressursar p  gruppa, s  vi stiller med 4 instrukt rar, inkl keepertrenar.

	Satellitt	Team Søre	Kretslag	Fylkeslag	Landslag
Jenter	3	2	0	0	0
Gutar	12	8	3	2	1

På hausten fekk alle spelarar i 2012-kullet, jenter og gutar, tilbod om å delta på dommarkurs. Sjølve kurset ynskjer vi at alle skal delta på, medan det er frivillig å praktisere som dommarar i etterkant. Mange av dei dømte sine første kampar på Kiwi-Bama cup. Vi har mange dommarar i klubben vår, og det er viktig å følgje opp dei nyutdanna slik at dei som ynskjer å ta stega frå klubbdommar til kretsdommar får moglegheita.

Damelaget har totalt sett hatt ein positiv sesong i fylkesserien med 10 poeng i vårsesongen og 9 poeng i haustsesongen. Stallen har vore tynn og ung, og spesielt etter at 3 av dei erfarne spelarane flytta pga studie. Ein har hatt godt samarbeid med 4.div laget for å få nok spelarar til haustkampane.

Herrelaget har spelt i 3.divisjon Norsk Tipping Ligaen avd. 2, som er lag frå Møre og Romsdal og Sør-Trøndelag. Stallen gjennom året har vore brei og mange spelarar har fått prøve seg i 3.div. Etter fullført sesong kom herrelaget på ein sterk 3.plass i avdelinga.

Damelaget i 4.divisjon hadde ei veldig kjekk sesong og enda på 5.plass på tabellen. Mange nye spelarar inn, og generelt veldig god stemning i gruppa.

Herrelaget i 5.div starta bra med straffespark konkurranse mot laget som vart finalist i Sunnmørsposten-cup. Dei fekk litt tøffare start på sesongen med ny formasjon og mange unge spelarar, men etter ei justering til sommaren, og nokre nye studentar inn på laget, fekk dei ein veldig god haustsesong og nesten dubla poenga frå fjoråret.

G19 starta med 2 lag påmeldt i vårsesongen; eit 11'er lag og eit 7'er lag. Dessverre måtte vi trekke begge laga til haustsesongen då det vart for mange spelarar som slutta og flytta.

6.div laget vårt har hatt ei stor og stabil treningsgruppe gjennom heile året og enda øvst på tabellen etter haustsesongen. I tillegg får våre junior-spelarar hospitere på kampar med 6.div laget slik at dei får kamperfaring på seniornivå.

Det må også nemnast at gutar 13 år vart kretsmeister – gratulerer til heile laget!

Sportsleg utval

Sportsleg utval har i sesongen 2025 hatt fylgjande medlemar:

Sindre Slettedal Sandbakk, leiar

Lene Egset Nedreberg

Hege Lill Humberget

Pål Christian Brautaset

Erik Tilseth
Kim Vangen
Maria Garnes Rafteseth
Marius Søvik

SU har hatt faste møte gjennom året og handsama saker knytt til hospitering, lagspåmelding, satellitt-uttak, tilsetjing av trenarar frå J15, G16 og opp på senior samt innspel som kjem frå medlemar. Sportsplan er revidert i 2025 og har fått ny form. Sportsleg leiar har gjort ein stor jobb med revidering og planen inneheld klare målsettingar og strukturar på korleis Volda Fotball ynskjer å utvikle fotballspelaren til også å verte gagns menneske.

FFO 2025/2026

Telenor Xtra Volda FFO er eit tilbod til barn frå 1.-4.klasse og dekker skulane Bratteberg, Øyra, Mork og Folkestad. Ved oppstart i august 2025 var det 112 påmeldte barn, 24 av dei var jenter. *Vi er framleis ein av Noregs største FFO sjølv om talet har gått noko ned. Tatt innbyggartalet i betraktning er vi definitivt ein av Noregs største.*

Det er 4 tilsette som jobbar med FFO, Bygg1 Akademiet, i tillegg til klubb; leiar, feltleiarar og kjøkken/ reinhaldsansvarleg. I tillegg er det totalt 12 FFO- og Bygg1 Akademi-instruktørar på deltid.

FFO tilbyr henting på alle skulane og har eit varmt måltid når dei kjem til stadion. Det er variert og sunt kosthald, og uavhengig av kva dag du går på FFO så varierer varmmaten. Dei som ikkje likar varmmaten får tilbod om brød/knekkebrød eller ulik kornblanding. Det vert lagt til rette for barn med matallergi og matintoleranse. I tillegg til varmmaten vert det servert eit fruktmåltid på slutten av dagen, noko småsøsken som er med på henting også får forsyne seg av, til stor glede.

Framtidsmålsetting:

FFO ynskjer at alle barn som går på FFO skal ha ei positiv oppleving av dagen her, og at dei tilsette ser kvart barn sine ulike behov.

FFO ynskjer at alle barn som går på FFO og som brenn for fotballen, skal ha ei oppleving av utvikling og meistring.

BYGG1-Akademiet 2025/2026

Det er 4 år sidan vi starta med BYGG1 Akademiet, og vi opplever stadig vekst. Tilbodet er svært populært hos dei eldste borna, og vi har også born frå Hornindal på Akademiet vårt. Borna kan velje mellom 1-3 dagar i veka. Spelarane har klespakke hengande på stadion med sine unike nummer trykt på Akademi-plagga. Bygg1 er sponsor for akademiet og klespakken inneheld følgjande: jakke, genser, t-skjorte, shorts, bukse, buff og fotballstrømper. Ved oppstart i august 2025 var det 77 påmeldte barn/ungdommar, 17 av dei er jenter. Vi er svært takksame for å ha Bygg1 med oss vidare!

Framtidsmålsetting:

Bygg1 Akademiet ynskjer å sette litt ekstra fokus på kvalitet i arbeidet med å bli ein betre fotballspelar. Spelarane skal lære å ta meir ansvar for eiga læring.

Anlegg

I 2025 var første sesong med nye ledlys og det gav oss mykje betre baneforhold. Det vart fylt på med granulat på Sparebank1 Rekrutt, hovudbana og bana i hallen, dette har ikkje vorte gjort sidan banene ute var nye. Vi fekk flytta innbyttarbenkane frå Bygg1 bana til Rekrutt, takka vere stor innsats frå frivillige og Tilseth AS. I løpet av hausten vart det bygt fleire toalett på klubbhuset, etter bidrag frå Sparebankstiftinga. Då vart det samtidig laga ny garderobe til FFO på klubbhuset. Bilmesssa vart dessverre avlyst i år pga for få påmeldte utstillarar, og etter ei samla vurdering bestemte styret seg for å avvikle Bilmesssa også for framtida. Det blir for mykje usikkerheit, og vanskeleg å fylle hallen med nok utstillarar til å arrangere ei bilmesse med kvalitet.

Det har vore fokus på kioskdirfta og jobba med å løfte tilbodet, samt investert i kassasystem som gir ei betre oversikt på drifta. Dette har også ført til meir inntjening.

Vi har fått eit stort og flott anlegg som legg grunnlaget for stor aktivitet og gode fasilitetar for våre spelarar. Det stiller også krav til å ta vare på anlegget. Det er mange som brukar området ved SpareBank1 idrettspark og vi håpar alle tek sitt ansvar for at området skal vere trygt og attraktivt for alle i Volda.

Administrasjon

Telenor Xtra FFO og Bygg1 Akademiet har 2,5 stillingar fordelt på 4 personar. Dei resterande 1,5 stillingar vert brukt til klubbrelaterte saker, i lag med dagleg leiar. Det er mange deltidstilsette på FFO og akademiet som har ulik arbeidstid gjennom veka basert på antal barn per dag. Sjølv om vi er fleire som jobbar full stilling er vi heilt avhengig av alle dei mange frivillige som stiller opp og gjer ein kjempejobb som trenarar, foreldrekontakter, billettørar, kioskvakter, kampvertar, sjåførar, heilagjeng og mykje meir. Utan frivillige hadde vi ikkje klart å drifte Volda fotball.

Årsregnskap

VTI Fotball følgjer regnskapslova sine føresegner om årsregnskap, og har offentleg godkjent ekstern revisor.

Årsregnskap med resultatregnskap, balanse og noter er utarbeidd for 2025. Årsregnskap er revidert frå revisor.